

## Det første fotball-laget i bygda!

07.02.2009



**- Vi var vel det første fotball-laget i bygda, skriv Harry Landa og sender uskedalen.no eit foto frå Heio teke før krigen, då den nye banen var teken i bruk.**

**Kva årstal veit han ikkje, men han var elev ved Sunnhordland folkehøgskule 1938/39 så biletet vart nok teke før den tida.**

Landa, som bur i Sarpsborgområdet etter å ha flytta frå Uskedalen for nokre år sidan, skriv ellers mellom anna:

” Som unggutar flest hadde vi moro med fotball, men ingen bane. Vi samla oss på ”Døsslandsheio” som var ein nokolunde flate på høgre sida av vegen, litt lenger oppe trur eg. Vi hadde vel ikkje så god greie på reglane men litt hadde vi fått med oss om backar og indre og ytre osb. Sjølv sagt hadde vi ikkje fotballutstyr med sko og draktar, men vi hadde det kjekt på vår måte. Då idrettsbana vart såpass ferdig at vi kunne bruka den vart det meir orden på det”.

Landa sit sjølv i midten foran som målmann. På venstre side sit Kjell Yri og på høgre side Arne Haugland.

I midten er frå venstre Eirik Myklebust, Ivar Hermansen og Knut Eide.

Bakerst står frå venstre Tor H. Myklebust, Bjarne A. Myklebust, Håkon Hansen, Bjørn Myklebust og Finn Myklebust.

Bjarne A. Myklebust og Birger Myklebust har hjelpe oss med å få dei rette namna på plass. Bjarne var 14 år då biletet var teke, truleg i 1939/40. Han spela på A-laget til Uskedalen sjølv om han var så ung.

Landa hugsar at dei spela kampar både mot Rosendal og Halsnøy og truleg også mot fleire.

Er det nokon som har meir opplysningar om dette første fotball-laget i Uskedalen?  
Ein som har sett biletet fortel at dei nærmest spela i ei utmark før bana på Heio vart opparbeidd.

Det skimtast også ein mann lengst ute til høgre på biletet og kven var han?

Av Ola Matti Mathisen

